

Kyrkjeblad for Fjaler

NR.2 AUGUST 2024

82. ÅRGANG



JUBILEUMSKONSERTAR

DALE KYRKJE SØNDAG 29. SEPTEMBER KL. 19.00

FOLKESTAD KAPELL SØNDAG 27. OKTOBER KL.19.00

GUDDAL KYRKJE SØNDAG 15. DESEMBER KL.19.30

Andakt

Kan kyrkjeverja skrive andakt?

Ja, eg håper det ser slik ut. For kva er ei andakt?

Eg har i heile mitt arbeidsliv hatt eit hovudfokus, med ulike innfallsvinklar alt etter type arbeid: Å la det mennesket eg møter og skal samarbeide med ta vare på håpet og tryggleiken i si eiga tru.

For kristne gjeld det den kristne trua, enten den er varm og konkret eller folkekyrkjeleg og knytt til den familiære arv og tradisjon. For andre som er knytt til andre religionar det samme.

Det å vere trygg i si kristne tru handlar ikkje om å kunne forklare og grunngje alle sider ved den kristne trua. Det handlar ikkje om å kjenne til alle Bibelens bøker eller kunne forklare dei ulike tekstane og fortellinga om kva dei betyr.

Det handlar om å kjenne at det er greit at min måte å vere kristen på ikkje er lik din. Det handlar om å kunne vere stolt over at min mor eller bestefar gav meg ein gammal slitt Bibel som er fundamentet for den kristne identiteten i familien vår. Det handlar om å kunne seie at eg er kristen sjølv om eg ikkje vil ta vare på den kristne forståelsen slik eg var lært opp til. Det handlar om å kunne akseptere at vi har ulikt syn på den kristne budskapet.

I sum handlar det om at når vi går til gudsteneste eller møter kvarandre på gata, inviterer kvarandre heim, så kan vi helse på kvarandre slik du og eg er. Ønske kvarandre ein god dag – hjelpe kvarandre om det byr seg, eller falde hender for kvarandre når det fell naturleg.

Når vi er trygge i den kristne trua tar vi lettare vare på fortellingane både i det nye og gamle testamentet, og det som er trusstyrkande for den enkelte av oss.

Paulus, forfattaren av dei fleste bøkene i det nye testamentet, skreiv til dei kristne i Roma:

«For eg skammar meg ikkje over evangeliet. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur, jøde først og så grekar. For i det blir Guds rettferd openberra, av tru til tru, som det står skrive: Den rettferdige skal leva ved tru».

Paulus skreiv det i ein større samanheng. Men trua på Jesus som Guds son er eit livskraftig håp i livet.

Jostein Bildøy



Foto: Den norske kirke, kirkerådet

Håpets katedral

Håpets katedral er et livssynsåpent kunst- og miljøprosjekt som handler om å bygge håp gjennom samarbeid. Katedralen, som er åpen for alle, er et møtested mellom mennesker på tvers av alder, nasjonalitet og tro.

Katedralen er bygget av frivillige hender, hele 15000 dugnadstimer er lagt ned. Taket er laget av plast fra havet, nærmere 1000 fiskekasser, plukket opp fra stendene våre, som er vasket, granulert og støpt på nytt til takplater i 40 forskjellige farger. Visjonen til katedralen kommer til uttrykk i taket, nemlig at vondt kan forvandles til godt.

Håpets katedral ligger på Isegran i Fredrikstad.

FRAMSIDEBILETE

Mark Taylor. Foto: Atle Ness

LJOSHEIM er til leige

Ljosheim er soknet sitt hus i Dale. Hovudetasjonen har no tilkomst for alle. Med rullestolrampe og handikaptaolett eignar huset seg godt til ulike tilskipingar. Til mindre arrangement kan det nye

minikjøkkenet i småsalen nyttast. Her er det vanleg oppvaskmaskin, lite kjøleskåp og mikrobølgeovn. Kjøkkenet i kjellaren er òg pussa opp med nye kjøkkenbenkar m.m. Her er alt du treng til

større arrangement. Attmed kjøkkenet er matsalen. Kjellaren har eigen inngang, også her er det handikaptaolett. Kom gjerne innom oss på kyrkjekontoret så viser vi deg huset og kan avtale leige.

ANNONSEPLASS TIL SALS

Kr 500 + mva pr. annonse pr. blad i visittkortstorleik, lik denne. 3 kyrkjeblad pr år kr 1 500 + mva
Dobbel storleik – dobbel pris.

Vi ønskjer å starte å selje annonse i Kyrkjeblad for Fjaler. Dette for å auke inntektene slik at vi kan halde fram med å lage eit godt og interessant blad.

EL-avfallsdunkar reduserer brannfare i restavfallsdunk

Vi set utover sommaren og hausten opp EL-avfallsdunkar på gravplassane. Bruk desse til batterier, batterilys og anna elektrisk som ikkje lenger er til pynt på gravstaden. Gjer som oss: Ønsk dunkane for EL-avfall velkomen.



VI TRENG DEG! Har du lyst på litt ekstrajobb?

I Dale har vi ledig stilling som kyrkjetenar og reinhaldar på kvardagar.

Kyrkjetenar

Ved alle arrangement må det vere kyrkjetenar, som inkluderer praktisk tilrettelegging før arrangementet. Å vere kyrkjetenar er eit svært viktig og meningsfylt arbeid der dine tenester er høgt verdsette.

Vi har ein kyrkjetenar for kyrkjelege handlingar laurdag og søndag i Dale kyrkje.

Vi søker difor etter deg som kan gjere teneste i vekedagane, særleg ved gravferder og kyrkjelege handlingar på dagtid. 1-2 gongar i månaden også på kveldstid.

Ledig frå 1. september 2023.

Reinhaldar

Reinhald av kyrkja kan gjerast fleksibelt, men kyrkja må vere rein og ryddig dagen før neste arrangement. I tillegg til kyrkja har vi kyrkjekontor og Ljosheim som treng jamleg reinhald.

Dette er arbeid som og kan passe godt for deg som har ledig tid på dagtid, eller for deg som er pensjonist som har lyst på litt ekstra inntekt.

Løn etter avtale. Arbeidsavtale og ryddige instruksar for arbeidsoppgåvene. Kontakt kyrkjevevja om du er interessert.



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjevevja formidlar kontakt med Allan Nogva Som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!

BLADPENGAR – GÅVE TIL KYRKJEBLADET

kr 250 for dei som bur innan kommunen.
kr 300 for dei som får tilsendt bladet med frimerke

Bankkontonr: 3741.20.73135

Bladpengar

Vippsnummer: 557133

Trusopplæring i haust

«Mi kyrkjebok» til 6-åringen

I september har vi samling og gudsteneste for 6-åringane i Fjaler. Dei får 6-årsboka med arbeidshefte. Mi kyrkjebok ó handlar om Nora som nett har begynt på skulen. Boka har òg mange spennande forteljingar frå Bibelen, og vi får høyre om dei kristne høgtidene; jul, påske og pinse. I arbeidsheftet er det mange morosame oppgåver å gjere, både å streke, teikne, og fargelegge. Alle 6-åringane i Fjaler blir invitert til ei felles samling i Dale kyrkje laurdag 7. september kl. 10.00-11.00.



4-årsboka desse datoane:

17. november: Dale kyrkje kl. 11.00

17. november: Guddal kyrkje kl.

14.00

24. november: Folkestad kapell kl.

11.00.



For 4-åringane!

Gudsteneste med utdeling av 4-årsboka er: 8. september kl. 11.00 i Dale kyrkje, i Guddal kyrkje 22. september kl. 14.00, og i Folkestad bedehuskapell 29. september kl. 11.00.

I november er det 4-åringane sin tur til å få bok. For alle 4-åringane i Fjaler blir det ei felles samling laurdag 16. november kl. 10.30-11.30 i Dale kyrkje. Elles blir det utdeling av

Du - ein tekstlesar?

Å vere tekstlesar er lese tekstar i gudstenestene, og slik vere ein støttespelar i gudstenesta.

Du får tekstane til øving på førehand.

Kontakt oss om du vil prøve 😊

Vår bistand og misjon som grøn kyrkjelyd:

Kirkens Nødhjelp - gjennom fasteaksjon og ofringar www.kn.no

NMS Midtausten - misjonsavtalen i kyrkjelyden www.nms.no

BABYSONG OG SMÅBORNSSONG

Datoar for babysong på

Ljosheim: 2. september,
23. september, 7. oktober,
21. oktober, 4. november,
25. november og 9. desember.

Datoar for småbornssong:

31. august, 28. september,
26. oktober og 30. november.
Sjå ellers oppslag på facebook-sida til kyrkja i Fjaler.



BASAR LAURDAG 14. SEPTEMBER

Håland misjonsforeining, Det Norske Misjonsselskap, inviterer til basar på Ljosheim laurdag 14. september, kl. 14.00. Tradisjonen tru, vert det loddosal og trekking av årar og bøker. Vi vil servere gode kaker til kaffien/teen.

Vi foreiningsdamene vonar du vil vere saman med oss på basar denne ettermiddagen. Velkomen!



**NULL
STRESS**
VI TAR DET PÅ
vopps

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe
dykk som pårørende,
med alt som høyrer ei
verdig gravferd til.

Blomstertorget AS • Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569

ALVÆRVIK CONTAINERSERVICE AS

- Containerutleige 8 m³ – 35 m³
- Vi tar på oss alt av transportoppdrag
- Vi hentar alt av stålskrap

90 20 11 00

CONTAINERUTLEIGE • rune.container@gmail.com



Vel møtt til hausttakkefest!

Dale kyrkje 8. september kl. 11 med Dåpsskulen og Dale barnekor
 Guddal kyrkje 22. september kl. 14 med Guddalskoret
 Folkestad kapell 29. september kl. 14 med Søstrene Våge

Eit tiltak Fjaler har som grøn kyrkjelyd er å feire gudstenester i undring og takksemd over skaparverket. I heile Fjaler har vi ein lang tradisjon med hausttakkefestar, noko soknerådet har forankra i både handlingsplanen for grøn kyrkjelyd, lokal ordning for hovudgudstenester i Fjaler og plan for trusopplæring. I tillegg deltek songkrefte våre rundt om i kommunen og kyrkjelyden pyntar Guds hus med haustens grøde.

Kva er ein hausttakkefest?

Hauستtakkefest er ei takkegudstenereste for årets grøde. Den har vore feira i Den norske kyrkja sidan 1899, men har siitt opphav i bibelen.

I Andre Mosebok står det: «Tre gonger om året skal du feira høgtid for meg.» (2 Mos 23, 14-16)

- Påska (det usyra brødet si høgtid) fell saman med innleiinga til bygghausten i Midtausten.
- Pinsa i det gamle testamentet var ei feiring av avslutninga av kornhausten.
- Innhaustingsfesten (haustfesten eller lauvhyttefesten) ved utgangen av landbruksåret inkluderte feiringa av frukthauستen om seinsommaren, med slutten av drueinnhaustinga.

Hauستtakkefesten er innhaustingsfesten/hauستfesten vår – og det passar bra i september.

Mykje å takke for

Vi har mykje å takke for om hausten, mellom anna:

- Andre (eller kanskje tredje) slåtten er innhausta.
- Jaktseongen har starta.



Folkestad kapell pynta til hausttakkefesten) Foto: Anne Brit Mo

- Fiske i elver og sjøen.
- Ein har kanskje sankt egg og dun eller plukka bær, nøtter og sopp i naturen.
- Ein har kanskje hausta grønsaker, urter, frukt og bær i hagen.

Med ei sjølvforsyningsgrad på 45%, treng vi ikkje berre takke for god avling, god jakt eller godt fiske her i Fjaler og Noreg, men også for den importerte maten som vi er avhengig av.

I hausttakkegudstenesta takkar vi Gud for heile skaparverket som gjev oss det vi har bruk for til å oppretthalde livet. Som det står i brevet til efesarane i bibelen:

«Takk alltid vår Gud og Far for alle ting.» (Ef 5,20)

Både takke og dele

I Moselova var det ikkje lov å hauste heile avlinga - kornaksa i åkerkantane skulle fattige og innvandrare få: «Du skal la dei liggja til dei fattige og innflyttarane. Eg er Herren dykkar Gud.» (3 Mos 23,22)

Og Jesus åtvara mot å samle til seg alt i likninga om den rike bonden. (Luk 12,13-21)

Når vi takkar Gud for maten vår, skal vi hugse våre medmenneske som ikkje har det så godt som oss. Dette ansvaret for andre menneske sitt liv heiter nestekjærleik: «Du skal elska nesten din som deg sjølv.» (3 Mos 19,18/ Mark 12,31)

Ein fest skal ha mat – i Fjaler har vi hatt ein tradisjon at haustens grøde vert boren inn i korgar i prosesjon til pynt av kyrkjerommet og ut igjen ved slutten av gudstenesta, der alle deler ein godbit på kyrkjebakken eller bak i kyrkja/kapellet. Det er eit godt bilete for deling!

Dagens bøn for hausttakkefesten har fokus på både takkemd og deling, at vi ikkje må tru at alt er vårt, men er utfordra til å dele:

Gud vår skapar, vi takkar deg som lèt jorda bera fram grøde og gjev oss alt vi treng. Vi bed deg: Minn oss dagleg om at alt som er skapt høyrer deg til, så vi tek imot gåvene dine med takk og deler med dei som lid naud. Amen.

MT

30-ÅRSJUBILEUMSKONSERTAR

Dale kyrkje søndag 29. september kl. 19.00

Mark Taylor feirar 30-årsjubileum som kantor i Fjaler med ein orgelkonsert. Han vil spele eit variert program med både roleg og var musikk som viser fram dei ulike fargerike orgelstemmene, samt hurtige og mektige verk – rett og slett reint orgelfyrverkeri! For første gong vil alle i kyrkja kunne sjå Mark spelar via live video vist framme på skjermen i tillegg til å høyre musikken – då får du ei forsterka oppleving! Det vert også eit fellesnummer med lag Mark har samarbeidd med gjennom åra. Saman med Cantus, Dale Musikkorps, Dalsfjorden Spelemannslag og Dekor blir det framføring av Dalsfjordbrura arrangert av Kåre Sandvik. Kollekt til Fond for kyrkjemusikk ved utgangen. Ikkje går glipp av denne storhendinga!

Folkestad kapell søndag 27. oktober kl. 19.00

På haustens Syng med oss - salmegudsteneste med kveldsmat, markerer Mark både 30-årsjubiléet for Venheim orgelet frå 1994 og sin eigen 30-årsjubileum med eit utvida orgelpostludium. Vel møtt!



Mark ved Venheim orgelet

Guddal kyrkje søndag 15. desember kl. 19.30

Merk tidspunktet – vi håper alle guddølingane vil vere ferdig i fjøsen og kan oppleve Mark sin 30-årsjubileumskonsert i og for folk i Guddal. Konserten blir kombinert med ein julekonsert – vi får syngja våre kjære julesongar som allsong og høyre korsong v/ Guddalskoret. Det er lenger sidan siste konserten i Guddal – vi forventar eit stort innrykk av innbyggjarar som vil nyte ei fin førjulsstund i vår vesle vakre kyrkje. Kollekt til Fond for Kyrkjemusikk. Vel møtt!

Ein mannsalder på orgelkrakken

Mark Taylor vart tilsett som kantor i Fjaler frå 15. oktober 1994, men begynte litt før, slik at han i desse dagar rundar ein mannsalder, 30 år, på orgelkrakken.

Atle Lyngstad Ness

Det har vore 30 gode og aktive år. Og no blir det minst 10 til. Då Mark begynte, sa han til Kyrkjelydnet at dei i utgangspunktet tenkte seg ein femårsperiode i Fjaler. Men «prøvetida» vart permanent. - Då var alt med Fjaler nytt, og vi tenkte på born og skulegang her eller i England. Men vi slo oss fort til ro og har ikkje angra på det. No har Joy og eg fått norsk statsborgarskap, er blitt besteforeldre og har nyleg flytta inn i nytt hus på Steia, så no har vi «grodd fast» seier Mark som rundar 56 år i desember.

Ein av fleire britiske

Mark Taylor kjem frå North Devon i sørvest-England. Han begynte å spele piano som 11-åring, og orgel året etter. Alt som 15-åring fekk han oppdrag som organist i nabobygda. Etter treårig musikkutdanning ved Colchester Institute, drog han til det ærverdige Yale-universitetet i New Haven i Connecticut, USA, der han studerte kyrkjemusikk, teologiske fag og liturgi i to år. Med seg til Fjaler tok



Bruno Christensen-orgelet frå 1983 i Dale kyrkje er av svært god kvalitet og ein viktig grunn til at Mark Taylor valde å komme hit.

han erfaring som organist og dirigent for barnekor og vaksenkor både i England og USA.

Mark er ein av fleire engelske organistar som fann vegen til Norge. Hovudgrunnen var at dei der borte ikkje fekk fulle stillingar og såleis måtte ha anna arbeid utanom. Mest undervisning i piano- og orgelspel. Sjølv søkte han først Vestnes i Møre og Romsdal, men er i ettertid glad for at det vart Fjaler. Han har teke vidareutdanning i kyrkjeleg barnekorleining i 2008 og kursleiarkurs om gudstenestereform i 2012 ved Norges Musikkhøgskole.

Gode instrument

Då Mark kom til Fjaler var orgelet i Dale knapt 11 år. Det er eit svært bra instrument, godt nok til å spele det aller meste, og ein vesentleg grunn til at han valde å komme hit.

- Orgelet i Folkestad var heilt nytt då eg kom. Eg spelte på det første gongen i avskilgudstenesta til John Walker i oktober 1994. Guddal fekk nytt orgel i 2003. Det vart finansiert mellom anna med innsamling, sal av piper frå gamleorgellet i Dale, og ei anonym gåve på 150.000 kroner. I tillegg har Dale kyrkje for eit par år sidan fått eit flott konsertpiano, så på instrumentsida er det «berre velstand», tykkjer Mark.

Kor i alle kringar

Korarbeid har vore ein viktig del av arbeidet til kantoren. Cantus og Dale barnekor har vore der heile tida. Like eins, i ei eller anna form, og med noko varierende oppslutnad, Guddal familiekor. På det meste var der 18-19 med i Guddal sitt kor, og dei er framleis eit viktig innslag i gudstenestene. Gitar og menn er mangelvare i korsamanheng. I Cantus er der berre fem på mannsstemmene no, det er i minste laget til meir enn trestemt song. Men i barnekoret er



I ytre Fjaler hadde Do Re Mi både eit barnekor og ei ungdomsgruppe. Her er Mark saman med ei gruppe frå 2016.

der sju gitar no, det er fleire enn på lenge, så det lovar bra.

- I tillegg til desse hadde vi ei stund eit ungdomskor i Dale, men der var så få igjen at det er avvikla. I ytre hadde vi DoReMi, som ei stund hadde både eit barne- og eit ungdomskor. Men barnetalet svingar, så det er vanskeleg å få til kontinuitet. No er også det nedlagt, diverre, seier Mark.

Korturar i inn- og utland


Som ein lekk i arbeidet med å inspirere medlemene og gje dei nye opplevingar, har kora i Fjaler teke del i korsamlingar fleire stader, både i inn- og utland. Mellom anna inviterte John Walker Cantus til Skottland året etter han slutta, og dei besøkte og song i fleire byar.

Då Mark kom, eksisterte også tensingkoret Fjatsy, der han hadde musikalsk leiing utanom kantorjobben. Det vart nedlagt i 1999. Han hadde også ansvar for eit eige konfirmantband i fleire år, og første året dirigerte han Dale musikkorps. Han har hatt elevar på piano og i orgelspel gjennom kulturskulen, og her er rom for fleire.

Variasjon er viktig

Mark er oppteken av at kyrkja skal femne eit variert musikkuttrykk. I utgangspunktet kan alt spelast, og når pårørende har hatt ønske om spesielle songar i gravferd, eller brudepar hadde ønske om musikk som finst korkje i salme- eller koralboka, har han anten skrive ned notane sjølv ved å høyre på melodiane, eller han har kontakta forlag og utgjevar og fått notar tilsende. Om tida vart for knapp har dei løyst «problemet» med å spele songar på høgtalaranlegget i kyrkja, men det er nest beste løysinga.

Før var kor tildelt ein eigen bolk i gudstenesta, men etter gudstenestereforma er dei aktive og med heile tida og medverkar også i liturgien. Det er ein stor fordel, ikkje minst for barnekoret, då det kan vere vanskeleg å halde seg i ro under



I 2004 vart Mark Taylor som den første kantoren i Sunnfjord vigsla. Biskop Ole D. Hagesæther stod for handlinga.



Dale barnekor deltek i gudstenester med korsong og ved å synge til delar av liturgien.



Mark Taylor og Cantus har følgt kvarandre i alle 30 åra. Her frå konserten med Ørsta kyrkjekor og DeKor i fjor.

heile gudstenesta om dei ikkje får vere med meir enn ein gong.

Samarbeid gjev resultat

John Walker begynte i si tid eit samarbeid med Dalsfjorden spelemannslag. Dette har Mark vidareført. Like eins med Dale musikkorps. Begge er med på den store julekonserten, og musikkorpset er fast innslag i gudstenesta 1. juledag, og gjev uttrykk for at det er viktig for dei. - Eg har også sett det viktig å samarbeide godt med kulturskulen, enkeltutøvarar og andre kulturaktørar i kommunen. Vi har til dømes solidaritetskonsert saman med UWC. Eg har også tykt det var rett og nødvendig å arrangere konsertar med tilreisande kjende artistar, som då ofte har hatt samarbeid med våre kor. Eg har prøvt å tilpasse ulike musikksmakar og hatt reine gospelkonsertar, familiekonsertar og dei siste åra har soknerådet hatt ansvar for besøk av kjende artistar som avslutting på Dalsfjordveka, no Fest i Fjaler. Billettane kostar ein del, men eg tykkjer det er fint at soknerådet er ambisiøse og hentar kjende artistar hit, slik at vi ikkje må til Bergen eller Oslo for å høyre dei, seier Mark.

Politikk og organisasjonsarbeid

Kantoren har også brukt engasjementet sitt til regionale oppgåver mellom anna i

Kyrkjemusikalsk utval i Bjørgvin og Ressursgruppa for miljø, forbruk og rettferd i bispedømmet (som Sunnfjord prosti sin representant) som arbeidde for å få fleire med som «grøn kyrkjelyd». Saman med Sigurd Vengen reiste han rundt i fylket og hjelte til i samband med innføring av ny liturgi og gudstenestereform. Han har også vore utsending til landsmøtet i Ung kirkesang.



For eit par år sidan fekk Dale kyrkje nytt, flott og kostbart konsertpiano.

I 2015 vart Mark innvald i Fjaler kommunestyre og har hatt plass i formannskapet. Det var meininga å gje seg etter åtte år, men han let seg overtale til å halde fram. Men no er det siste perioden! Frå 2019-23 var han også med i Vestland fylkesting og hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, og hadde då 10 prosent permisjon frå kantorgjeringa for å skjøtte dette vervet.

Fjaler er heime

Til sist tek vi med at etter 10 års teneste som kantor, i september 2004, vart Mark Taylor som den første kantoren i Sunnfjord vigsla. Dåverande biskop Ole D. Hagesæther stod for vigslinga, assistert av prost Sigurd Vengen og lokale aktørar. Ein av mange minnerike dagar for Mark som kom hit med eit femårsperspektiv på tenesta langt heimanfrå. Men no er Fjaler heime, og med dobbelt statsborgarskap i lomma, blir han her resten av sitt aktive yrkesliv. Heldigvis.

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS



Bufetat



Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som har det vanskelig?
Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Mer informasjon om fosterhjem på

fosterhjem.no



Velkommen til dåp!

Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort.

Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei:

«Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje!

For Guds rike høyrer slike til.

Sanneleg, eg seier dykk:

Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»

Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.

Markus 10, 13-16

Vil du bestille dåp?

Send epost til kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

eller ring 57 73 97 70.

Gudstenestelista finn du i kyrkjebladet

eller på www.fjaler.kyrkja.no.



DEN NORSKE KYRKJA
Fjaler sokn

Konfirmantar 2024



Konfirmasjon i Dale kyrkje 4. mai (foto: Emilie Hjartholm).

Framme frå venstre: Pernille Elisabeth Hove Bråtane, Alida Nikøy Rogne, Ida Kvile Hjartholm, Ida Eide Dale.

2. rekke frå venstre: Ola Berger Follevåg, Isak Aasen Sætenes, Austeja Pabrezaite, Sara Matilde Askeland Hofstad, Laura Menes Standnes, Tobias Ness Habbestad, Even Tvinnereim Brendehaug.

3. rekke frå venstre: Svein Martin Stenseth Jenssen, Magnus Kyrkjebø Strand, Teodor Helle Rochlunge, Jarand Vatnelid, Mats Solheim Langeland, sokneprest Knut Arne Kummeneje.

4. rekke frå venstre: Sigurd Nyland, Amanuel Sunde Hofrenning, Andreas Haugstad, Johannes Jarstad.



Konfirmasjon i Folkestad kapell 27. april.

Frå venstre: Liam Daniel Milde, Kim Håvåg, Sokneprest Knut Arne Kummeneje, Miriam Kleppe, Maiken Evita Myklebust Norddal.



Konfirmasjon i Guddal kyrkje 9. mai.

Frå venstre: Sokneprest Knut Arne Kummeneje, Ingrid Stueland Gallefoss, kantor Mark Taylor.

Ingveig har strikka 1500 sokkar

Ingen veit det nøyaktige talet, men etter at Dale bygdekvinnelag begynte å gje eit par strikka sokkar til alle nyfødde i kommunen, har Ingveig Haugen (85) strikka minst 700 par.

Atle Lyngstad Ness

Ingveig hugsar ikkje kva år ho begynte å strikke baby-sokkar. I førstinga var dei fleire som strikka, Ingveig har halde på heile tida.

- Eg har ikkje ført rekneskap, men har for lengst passert 700 par. Så det vert eit bra haug, seier Ingveig, som ikkje har tenkt å gje seg med strikkinga heilt enno.

Velkomstgåve

Det er Helsestasjonen som deler ut sokkane, og jordmora har med eitt par på første heimebesøket etter fødselen. I år har mange i Fjaler fått, eller ventar, barn, over 30, seiest det, så det vert eit godt innhogg i lageret.

Åttebladrose er hovudelementet i mønsteret, og sokkane er strikka i tynt ullgarn.



For Ingveig Haugen er strikkinga tidsfordriv, og det har vorte ein del slike fulle korgar sidan ho begynte. Dette er berre ein bitte-bitte liten del av babysokkane ho har strikka.



Ingveig er av den sorten som må ha noko «på nevane» når ho set seg ned og ser fjernsyn. Å ikkje halde på med noko, passar liksom ikkje.

- Eg fekk eit mønster då eg begynte, men det var litt småstilt, så eg teikna opp mitt eige mønster på ruteark. No har eg strikka det så mange gonger at eg treng nesten ikkje mønster, seier Ingveig.

Nesten i blinde

Om ho ikkje kan mønsteret godt nok til å strikke sokkane i blinde, går det ganske radig. Viss ho sette av dagen og ikkje gjorde noko særleg anna, vart det nok eitt par på den tida.

- Men du strikkar ikkje heile tida?

- Nei, men eg er av dei som må ha noko på nevane, som vi seier. Sjølv når eg sit og ser på fjernsyn, har eg oftast eit strikk å ta til. Gjerne desse sokkane, seier Ingveig.

Tidsfordriv

Sokkane er i svart og kvitt, og så er der raudt i den fletta snora som kan knytast for å halde sokkane på foten.

- For meg er strikkinga tidsfordriv. Det har vore kjekt å halde på med desse sokkane, og eg har forstått det slik at dei blir sett pris på av dei som får dei, seier Ingveig.

Ingveig er fødd og voks opp på Norevik i Høyanger kommune. Ho gifte seg med Hans Haugen i 1961, og dei bygde seg hus på Steia i Dale. Ho arbeidde på telegrafstasjonen, og frå 1986 til ho tok ut AFP i 2001, var ho sekretær fleire stader i kommuneadministrasjonen og på kyrkjekontoret.

Kjekt å få

Mellom dei mange som får sokkar i år, er dei to-egga tvillingane Lovise og Even i Engjeneset på Guddal. Dei vart fødde 8. mai. Foreldra er Kristin og Jens Andreas Kalstad, og når dei i tillegg har Magnus på tre år, og Andreas som rundar to i desse dagar,



Mellom dei mange som får av sokkane frå Bygdekvinnelaget i år, er tvillingane Lovise og Even Kalstad (nærast), fødte 8. mai. Dei var nær 3 kg kvar, og bildet vart teke den dagen dei runda første månaden.

har dei ikkje fritidsproblem.

- Travelt er det, men eg trudde faktisk det hadde vorte verre første tida.

Tvillingane søv greitt om natta, og dei

to andre finn rollene sine som stolte

storebrøyr, seier Kristin, som har fått

sokkar to gonger før og tykkjer det er ein koseleg tradisjon.

Ein miljøfaktor

For kring 30 år sidan kom Ingveig med i Dale bondekvinnelag. I 2002 vart namnet endra til bygdekvinnelag. Ingveig tykkjer det har vore kjekt å vere med, men her som elles slit dei med rekrutteringa. På landsplan er der kring 430 lokallag med til saman rundt 12.500 medlemmer. Formidling og bevaring av norske mattradisjonar og sunn matglede er sentralt for organisasjonen. Lokal- og fylkeslag har gitt ut fleire bøker om lokale mattradisjonar, og dei har nettsida norsktradisjonsmat.no, der oppskrifter og mattradisjonar frå heile landet er samla.

I Dale har laget skipa til vårfest og juletreffar, og dei har hatt baking med utviklings- og funksjonshemma, dei har skipa til mange kurs mellom anna i flatbrød-, potetkake- og lefsebaking, og dei har markert seg med stand på Dale-Dagane og selt kaker og rømmegraut, for å nemne noko av aktiviteten.



Åtteblad-rose er tradisjonsmønster i norsk strikkekunst, så kvifor ikkje til nye sunnfjordingar.

Refleksjonar av Ole Bjarne Amdahl

«Går du glipp av noko?»

Men tårna fell ikkje ned med det fyrste, i fylgje dei som styrer med kyrkjeleg eigedom i Fjaler kommune. Sjølv der tårna når bakken, døyr ikkje kyrkja. Det er dei som trur som utgjer den levande kyrkja på jord. Kan kyrkja ha noko å by på utanom å føre folk til grava og jubel om barnet i krybba, på julaften? Det spørsmålet kan stillast av fleire, då det for dei allar fleste er ved dei hendingane dei går over kyrkjedørstokken i Dale.

I tillegg kjem familiesamlingar som dåp og konfirmasjon. Det er reine servicehappeningar for folket i Fjaler.

Det dei går glipp av på vanlige sundagar, er leikne tonehopp på orgelet av virtuous og kantor Mark Taylor. Han framførte påskedag preludium av Nystedt, stykker av Bach, Standford, Takle og Pachelbel. Slik konsertopptreden koster fleire hundre kroner på konserthus i byane våre. I kyrkjehusa i Fjaler er å lytte til slike høgtidstoner gratis. Du blir ikkje uglesett om du putter ein grøn eller raud setel i kollektkassa, sjølv sagt. Georg Friederich Händel sine toner til salmen "Deg være ære", var også ein av dei melodiane som lot seg høyre under Høgtidsgudstenesta 1. påskedag.

Songkoret Cantus berer rimelig høg korkvalitet. Gleda dei syner er ikkje forbeholdt dei som i dag tek turen. Samhaldet som inkluderer songartreff og utenlandsturar, ynskjer dei å inkludere nye medlemmar med i Cantusfamilien.

Soknepresten Knut Arne Kummeneje er kjend for å ha stålkontroll ved jordfestningar. Kan det kome noko godt frå Harstad? Den som tek turen til kyrkja, vl finne ut om han kan svinge seg brukbart i det verbale element, når han fordjup seg i Skrifta og leier meinigheita inn det skrivne Guds ord.

I vår tid opplever mange trong for å meditere og søke meining i tilveret. Slik det alltid har vore. Impulsar som kyrkja innbyr til å søke og til å dyrke. For den som vil vandre medan ho eller han tenkjer på alt mellom himmel og jord, har Sogn og Fjordane pilgrimsmål som Kinn og Selja å by på. Det er for seint å gruble på slikt når ein sjølv er på veg under seks fot med jord.

DITT KYRKJEKOR TRENG DEG!

Cantus – voksenkoret i Dale kyrkje



Liker du å syngja? 18 år eller eldre? Då er Cantus for deg. Vi har for tida 19 songarar, men vil ha fleire, både kvinner og menn.



Vi har det sosialt og gleder oss til øvingsdagen laurdag 24. august på Lavik fjord hotell, med middag og kaffi.

Vi deltek m.a. med konsertar på sjukeheimen og på den store julekonserten og syng eit variert repertoar.

OPPSTART: onsdag 21. august kl. 20.00-21.30 på Ljosheim i Dale. Gi dirigent Mark Taylor beskjed innan 20. august om du vil vere med – så kan vi ha ei notemappe klar til deg. MT884@kyrkja.no, 975 13 449

Dale barnekor

For born frå 3. til 7. klasser ved Dingemoen skule.

Øvingar onsdagar kl. 14.30-15.00 i kantina på Dingemoen skule. Oppstart onsdag 21. august. Vel møtt!



Guddalskoret

For tida ni kvinner - eit damekor for Guddal kyrkje, men folk av begge kjønn i alle aldrar er hjarteleg velkomen.



Øvingar anna kvar tysdag (partalveker) kl. 15.20-16.20 i Guddal kyrkje. Oppstart tysdag 20. august. Vel møtt til songinteresserte guddølingar!

MT

Vårtonar og variasjonar



Cantus rundar 45 år i desse dagar. Nokre har vore med heile tida, og dirigent Mark Taylor har fått med seg dei 30 siste! Vårkonserten i slutten av mai var ein god «tjuvstart» på jubileumssesongen.

Cantus varta opp med ein noko annleis vårkonsert denne gongen. Variert innhald og variasjon i framføring. Godt levert og kjekt å høyre på.

Atle Lyngstad Ness

Det som ved skipinga heitte ungdomskoret Cantus, med ei sjølvpålågd, øvre aldersgrense på drygt 40 år, hadde sine første øvingar i Ljosheim hausten 1979. Når dette vert lese i Kyrkjebladet, er dei såleis temmeleg nær «45-årsdagen». Med åra har mange komme og gått, men nokre få har faktisk vore med heile tida! Ei medalje verd.

Programmet i kyrkja denne maikvelden femnde korsong og solosong med akkompagnement, a capella og reine pianostykke.

Fedrelandssongen «Gud signe vårt dyre fedreland» og «No livnar det i lundar» var med som allsongar. «Den fyrste song» og «Å, eg veit meg eit land» var med frå den eldre songskatten. Og frå den nyare var både Wamp, Ola Bremnes og Jan Eggum representert. Jakob Sande fekk sin plass med «Ave» og «Du».

Anne Marte Ospedal Haugen var solist i nokre innslag, og saman med tre andre av dei yngre i koret; Synnøve Strand Lundgård, Ragnhild Stav og Kathrine Vesterås, framførde



Desse fire frå den yngre garde i koret bidrog med fleire songar og solistinnslag. F.v. Anne Marte Ospedal Haugen, Kathrine Vesterås, Synnøve Strand Lundgård og Ragnhild Stav.

dei mellom anna «Bruremarsj frå Vågå» og «Ingen som du» med tekst av Ingvar Hovland og musikk av The voice-aktuelle Espen Lind, mest kjend i Ingebjørg Bratland si framføring.

Mark Taylor følgde opp på piano med Halfdan Kierulfs musikk til «En vaarnat» av Johan Sebastian Welhaven, og Robert Schumanns «Vårsong».

Jau, her var sanneleg eit vidt spenn og noko for einkvar smak. Cantus, har duka bordet til jubileumshausten!

Frammøtet på konserten var bra, men kunne sjøvlagsagt ha vore likare, denne kvelden óg.

VELKOMEN TIL KYRKJE

Søndag 25. august

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste på vingardssøndagen.
Presentasjon av neste års konfirmantar.
Offer til Alværa misjonssenter.

Guddal kyrkje kl. 14.00: Gudsteneste på vingardssøndagen.
Presentasjon av neste års konfirmantar. Guddalskoret deltek.
Offer til Alværa misjonssenter.

Søndag 1. september

Folkestad kapell kl. 11.00: Konfirmantpresentasjon.
Hardingfele v/ Egil Furenes. Offer til Alværa misjonssenter.

Straumsnes grendahus kl. 13.30: Gudsteneste, kyrkjekaffi.
Offer til Alværa misjonssenter.

Søndag 8. september

Dale kyrkje kl. 11.00: Familiiegudsteneste og hausttakkefest.
Dåpsskulen og Dale barnekor deltek. Utdeling av 6-årsboka.
Offer til Redd Barna.

Søndag 22. september

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Cantus og konfirmantane deltek. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Guddal kyrkje kl. 14.00: Familiiegudsteneste.
Utdeling av 6-årsboka. Guddalskoret deltek.
Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 29. september

Folkestad kapell kl. 11.00: Gudsteneste og hausttakkefest med utdeling av 6-årsboka. Song v/ Søstrene Våge.
Kyrkjekaffi. Offer til Folkestad bedehuskapell.

Dale kyrkje kl. 19.00: Mark Taylor feirer 30-årsjubileum som kantor i Fjaler med ein orgelkonsert.
Fellesnummer med Cantus og Dale Musikkorps.
Kollekt til Fond for kyrkjemusikk.

Søndag 6. oktober

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.
Offer til Kirkens Bymisjon Bergen

Søndag 20. oktober

Dale kyrkje kl. 11.00: Solidaritetsgudsteneste for TV-aksjonen.
Offer til TV-aksjonen Barnekreftforeningen.

Søndag 27. oktober

Guddal kyrkje kl. 11.00: Guddalskoret deltek.
Offer til Redd Barna.

Folkestad kapell kl. 19.00: Syng med oss - Salmegudsteneste med kveldsmat. Markering av 30-årsjubiléet for Venheim orgelet med eit utvida postludium. Offer til Redd Barna.

Søndag 3. november

Dale kyrkje kl. 11.00: Helgemesse, vi minnast våre døde.
Cantus deltek. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Søndag 17. november

Dale kyrkje kl. 11.00: Familiiegudsteneste. Utdeling av 4-årsboka. Dale barnekor deltek. Offer til SOS Barnebyer.

Guddal kyrkje kl. 14.00: Familiiegudsteneste.
Guddalskoret deltek. Offer til SOS Barnebyer.

Søndag 24. november

Folkestad kapell kl. 11.00: Familiiegudsteneste med utdeling av 4-årsboka. Offer til SOS Barnebyer.

Straumsnes grendahus kl. 13.30: Gudsteneste og kyrkjekaffi
Offer til SOS Barnebyer.

Søndag 1. desember

Dale kyrkje kl. 19.00: Lysmesse 1. søndag i adventstida.
Konfirmantane og Dale barnekor deltek.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 8. desember

Guddal kyrkje kl. 16.00: Lysmesse 2. søndag i adventstida.
Konfirmantane og Guddalskoret deltek.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Folkestad kapell kl. 19.00: Lysmesse 2. søndag i adventstida.
Konfirmantane deltek.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 15. desember

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste 3. søndag i adventstida.
Offer til Redd Barna.

Guddal kyrkje kl. 19.30: Julekonsert og 30-årsjubileumskonsert for kantor Mark Taylor.
Kollekt til Fond for kyrkjemusikk.

Tirsdag 17. desember

Dale kyrkje kl. 19.00: Den store julekonserten med lokale medverkande. Kollekt til Fond for kyrkjemusikk.

Sjekk www.kyrkja.no/fjaler, [facebook.com/FjalerKyrkja](https://www.facebook.com/FjalerKyrkja)
Eller sjå «Det skjer» i Firda på nett for oppdatert informasjon

Vi har ein lang tradisjon i Fjaler med tekstlesarar i gudstenestene. Dette er ei særst viktig oppgåve.

Textlesaren les bibeltekstar og andre tekstar, og er ein viktig støttespelar for presten og kyrkjelyden. Viss du har lyst til å melde deg som tekstlesar, ta kontakt med kyrkjekontoret.

I kyrkjelyden sidan sist

Vigde

Dale:

- 01.06.2024 Arlen Birte Solheim og Erlend Hatleberg, vigde i Klokkargarden
 15.06.2024 Stine Mari Høydal og Petter Hårklau, vigde i Lillingstonheimen
 27.07.2024 Laura Kleiven og Kristian Sveen, vigde i Dale kyrkje

Døypte

Dale:

- 10.03.2024 Aksel Løseth Hovland
 14.04.2024 Torstein Andreas Halsnes
 Alida Flekke Skadal
 03.05.2024 Simon Svale Sandsund-Lie
 19.05.2024 Hedda Bjørvik Haaland
 Vilje Kummeneje Risstad
 02.06.2024 Vilje Heggøy Solheim
 23.06.2024 My Lindelid Hatlevik

Folkestad:

- 14.04.2024 Sverre Furset Eldevik
 26.05.2024 Jenny Furset Folkestad

Døde

Dale:

- | | | |
|------------|--------------------------|---------|
| 29.02.2024 | Anne Lise Espeseh Risnes | f. 1963 |
| 13.03.2024 | Kjell Torbjørn Vindheim | f. 1934 |
| 21.03.2024 | Svein Løseth | f. 1948 |
| 23.05.2024 | Ole Johan Håland | f. 1934 |
| 26.06.2024 | Ingrid Fagerheim | f. 1926 |

Folkestad:

- | | | |
|------------|----------------|---------|
| 03.03.2024 | Anny Folkestad | f. 1935 |
| 01.05.2024 | Eline Lindelid | f. 1936 |

Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 250 / 300 for året.

Redaktør: Knut Arne Kummeneje og Hildegunn Helleset

Prent: Printfarm AS

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.kyrkja.no/fjaler

Fjaler sokn

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 40 50 94 52

post.fjaler@kyrkja.no



Kyrkjekontoret er ope

måndag-torsdag kl. 09.00 - 14.00

fredag kl. 09.00 - 12.00

Tilsette med kontorplass:

Sokneprest Knut Arne Kummeneje

mobil: 908 55 230

kk824@kyrkja.no

Kyrkjeverje Kristin Kalstad (permisjon)

Vikar verje: Jostein Bildøy

mobil: 951 91 332

Jb286@kyrkja.no

Kantor Mark Taylor

jobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449

mt884@kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

Sekretær Hildegunn Helleset

jobb: 40 50 94 52, mobil: 909 60 321

hh696@kyrkja.no

Kyrkjetenarar:

Dale kyrkje

Gudsteneste: Oddbjørn Bjordal tlf: 482 49 547

Gravferd: Atle Lyngstad Ness tlf: 911 49 806

Folkestad kapell:

Randi Fretland tlf.: 909 57 857

Guddal:

Anne Brit Mo tlf.: 950 21 424

Vedlikehald av Hellevik og Folkestad gravplassar

Jostein Folkestad

Fjaler sokneråd

Leiar Trude G Høgseth Felde tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Vipps #899129 Ljosheim

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701

facebook



Kyrkja i Fjaler er på Facebook: www.facebook.com/FjalerKyrkja


Hogestell på Dale kyrkjegard:

Frå 2024 blir dette utført av Dale Dekk og Utleige AS gjennom ein ny samarbeidsavtale.

Alvsnvik Containerservice AS utfører, som før, gravearbeid på alle våre gravplassar

INFORMASJON

Avsendar: Fjaler kyrkjekontor
Dalstunet, Dalsvegen 105a
6963 Dale i Sunnfjord



Årets TV-aksjon går til Barnekreftforeningen, som skal etablere familiehus ved universitetssjukehusa i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo. Her kan familiar med alvorleg sjuke barn bu saman i ei vond tid.

Bli bøsseberar  tvaksjonen.no

Foto: NRK TV-aksjonen.

VELKOMMEN TIL SOLIDARITETSGUDSTENESTE FOR TV-AKSJONEN 2024

SØNDAG 20. OKTOBER KL. 11.00 I DALE KYRKJE

Årets TV-aksjon skal hjelpe born ramma av kreft og andre alvorlege sjukdommar. For pengane frå TV-aksjonen ynskjer Barnekreftforeningen å etablere familiehus ved universitetssjukehusa i Tromsø, Bergen, Trondheim og Oslo. Her skal foreldre og sysken lett kunne bevege seg mellom sjukehuset og familiehuset slik at dei kan leve et tilnærma normalt kvardagsliv.

I familiehusa vil det også være rom for besøk av besteforeldre, tanter og onklar, venner og andre menneske som er tett på og har betydning i familiens liv.